



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 18.3.2019

post@njordr.no

NATURVERNFORBUNDET OM SKARDSØYA OG VINDKRAFT

De gjev for tida uttrykk for kva Naturvernforbundet meiner om vindkraft generelt og prosjektet på Skardsøya spesielt. Når de er så sikker på kva vi meiner, er vi undrande til at de ikkje har tatt kontakt med oss for å kvalitetssikre dette.

Naturvernforbundet tenkjer om energi at den har vi knappheit på så lenge alle får bruke så mykje dei vil, same korleis vi ordnar oss. Det er difor nødvendig at vi jobbar hardt med å bruke minst mogleg. Den energibruken vi er nøydde til å ha, bør skrive seg frå fornybare kjelder. Samtidig er ikkje fornybar det same som miljøvennleg, fordi det er heilt avgjerande kva verknader produksjonen har på mellom anna det biologiske mangfaldet.

Med Naturvernforbundet si interesse for å løyse energiutfordringane med fornybar energi, har Naturvernforbundet etter 2005 ikkje tilrådd ei einaste utbygging i Møre og Romsdal. Vi har i same tidsrom uttalt oss positivt om eit vindkraftprosjekt; om Volvo som bygde 3 vindturbinar på sitt industriområde i Gent, for å slutte med gasskraft. I Noreg har vindkraftindustrien ikkje tenkt i slike banar, men berre gått laus på naturområde og prosjekt som kan fylle lomdeboka. Dermed har ikkje vindkraftindustrien i Noreg fått ei einaste positiv fråsegn frå Naturvernforbundet om vindkraftprosjekt i Noreg dei siste ti åra.

Det skal også seiast at det er mange som har bygd ut «miljøvennleg» kraft dei seinare åra. Men dei norske utsleppa av klimagassar har ikkje gått ned. Fordi det ikkje blir stilt krav om at ny kraft skal erstatte eksisterande bruk av fossil energi. Det er naturen som må betale heile vegen.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL
Telefon 918 12 542 – epost moreogromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

Njordr har til no ikkje vore i kontakt med Naturvernforbundet i Møre og Romsdal. Vi kjenner prosjektet på Skardsøya først og fremst gjennom pressa, og då som eit prosjekt i same område som det som blei trekt for nokre år tilbake.

Når de tar oss til inntekt for at vi er positive til vindkraft utan å seie noko om kva vi meinte om det førre prosjektet på Skardsøya (Fråsegn til søknad, dagsett 14.9.2010, ligg vedlagt), meiner vi det er å prøve å lure opinionen til å tru noko anna enn det som er sant. De kan umogleg vere uvitande om det vi meinte, så dette ser vi alvorleg på.

Vi vil elles gjere merksam på at Njordr framleis ikkje har sendt inn melding til NVE om dette tiltaket. De har halde på i fleire år med førebuing av saka og kontakt med mange andre, men ikkje oss. De venter at vi skal vere seriøse med innspel til meldinga og seinare til søknaden. Som organisasjon med berre friviljuge til å gjere jobben, går vi på for å klarlegge mellom anna naturmangfald i slike saker, i siste fase fordi vi er dei siste de vil dele informasjon med. De gjer det ikkje akkurat lett for oss.

I følgje Tidens Krav sitt oppslag etter møtet på Vihals nyleg gir Njordr sin representant Slettemoen uttrykk for at de vil bidra til ein objektiv og balansert debatt. Då er det best om de seier frå alle stader der de har gitt uttrykk for at Naturvernforbundet er positiv til vindkraft at vi også har vore negativ til ALLE dei 15 sakene i Møre og Romsdal som har vore framme sidan 2005. Det skuldar de oss og den balanserte debatten.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har planlagt å oppsøke utbyggingsområdet i løpet av våren og sommaren, for å gjere mellom anna biologiske undersøkingar. Vi vil setje pris på om de kan sende oss kart over området de vil bruke til turbinar, vegar og kraftliner/kablar, så vi alt no kan førebu oss litt på kva areal vi vil undersøke nærare.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

Kopi:
Norges Naturvernforbund
Naturvernforbundet i Aure